Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2019

Hurra for Liv!
Side 2-4

Skulekorpset
Side 5

Snakk med oss
Side 6

Varhaug sentrum
Side 18-19

Ungdomsrådet
Side 23

Skitrekk på Varhaug

Side 8-9

Hurra for Liv!

Ho er raus, rett fram, rask på foten og rå på engasjement. Redaktør Liv Hobberstad er ei 80-års feiring verdt.

Av: Sjur Håland

Eg er venta. Sjølv om det er mørke kvelden midt i februar, er det plussgradene som dominerer. Den blå ytterdøra i nordre enden i den gamle lensmannsbustaden på Hobberstad, står på vidt gap og kastar varmt lys ut i tunet.

- Spring rett inn, roper Liv, før ho hastar inn på kjøkkenet og kokar te.

Medaljen på nattkjolen

Liv si stove er like triveleg som ho som bur der.

Ein velbrukt salong og eit spisestovemøblement. Bokhyller stappa med litteratur. Nokre lenestolar. Dei originale tømmerveggene er malt i bondeblått. Takbjelkane er kvite. På veggene heng maleri, familieportrett og eit synleg takk på bygda si takksemd, æresteiknet frå Varhaug Idrettslag. Den var så gjæv å få, at mannen, Hans, seinare sa at Liv sov med sølvmedaljen festa til nattkjolen. Seinare, same året som Hans døde, fekk ho gullmedaljen.

På borda ligg saker og ting i delvis uorden. Ein merkepenn her, ein perm der og brilleetuiet ein heilt annan plass. Redaktøren for Varhaugbuen har som vanleg vore i sving heile dagen.

- Det nærmar seg deadline for bladet, forklarer Liv, og ryddar plass til to krus med rykande varm te, og set seg nedpå under ei smålampe.

Ho har fleire lampelys i stova. Augo er ikkje sprekare enn dei må vere. Då ho skulle rygge traktor og tilhengar med graslass i samband med siloslåtten, var det vanskeleg.

- Det var vanskeleg å bedømma avstanden mellom hengaren og dei to siloane, fortel ho, utan at ho vil laga noko poeng av at ho var éi av ganske få kvinner på Varhaug som køyrde traktor tidleg på 1970-talet.

Overskotsmenneske

Ho er mor til fire jenter, og mormor. Redaktør og gammal korpsmor. Liv Hobberstad er mykje meir enn det som kan ramsast opp. Ho er sjølve symbolet på friviljug arbeid, og eit overskotsmenneske av det aller sjeldnaste slaget. Det seier ikkje så lite, her på Varhaug.

Blyg har ho aldri vore, men nett denne gongen er ho redd for at det skal bli i overkant av skryt og merksemd i Varhaugbuen. Om ho er aldri så mykje redaktør, får ho ikkje føra pennen for meg. Denne gongen skal Liv skikkeleg fram i lyset, sjølv om det berre er plass til nokre ørsmå glimt av dei 80 åra som har gått sidan ho kom til verda på Undheim 6. april 1939, flytte til Bryne, og vaks opp rett attmed der Høghuset står i dag.

- Eg er ikkje den som står mest ved komfyren, men sjå her, nå skal du få smaka ein rest av gulrotkaka som eg hadde med på onsdagskaffien i kyrkja på Nærbø, seier ho, og set seg ned under lyset.

- Skal du feira stort, spør eg og tar ein saftig munnfull.

Liv sprett opp or stolen og finn invitasjonskortet. Ei smilande Liv med knallraude lepper og flott hatt i same leten, dekker framsida. Bakpå kortet står det noko om jentekveld på Vidsyn i Høghuset på Bryne.

- Det var Elin (dottera som driv garden) sitt forslag. Dermed blir det jentekveld. Men alle som vil kan få kaffi og kaker på Lerbrekk skule klokka 12 på dagen og utover, understrekar ho.

Bada hjå tante

Pur unge Liv leika i gatene og i bomberommet ved fabrikkbygningen til Erlands Maskin. Ved Spønehuset på Bryne var det mykje skrot å leika i. Tyskarane var ho van med å sjå, men då dei hadde manøver og tok på seg gassmaskene, vart ho livredd.

- Då sprang eg skrikande heim til mor.

Ho fekk med seg realskulen, og var klar for vidare utdanning. Året var 1955. Liv var 16 år. Sakførar Oftedal kom i vegen for planane. Kontordama hans var gravid, og skulle slutta. Dermed vart ho headhunta inn i sin første jobb som sekretær.

- Mor meinte eg kunne ta eit opphald og halda fram med utdanninga seinare. Eg vart verande der i tre år før eg vart tilbydd ein ny jobb på likningskontoret i Time kommune. Her var eg i fem år.

Som så hjå mange andre, hadde dei ikkje dusj og badekar heime. Liv gjekk til tante og onkel kvar fredag for å bada.

Til sjøs

Her trefte ho, med nyvaska hår, fullt av krøllklemmer, odelsguten og sjømannen Hans Hobberstad frå Varhaug. Eit drygt år seinare, hausten 1962, stod bryllaupet. Medan ektemannen gjorde unna militærtenesta, budde Liv heime på Bryne, før dei begge stakk til sjøs då militærtenesta var unnagjort, i 1963. På Bergesen-oljetankaren T/T Solfonn var Hans pumpemann, medan Liv gjorde teneste i offisersmessa. Kanskje det var her reiselysten vart vekt. I løpet av sjølivet, som varte i halvtanna år, rakk dei å gjera strandhogg i til dømes Libya, på Sicilia, i Iran, Sør-Afrika, Venezuela, Brasil og Baltimore i USA. Arbeidet om bord var uvant for ungjenta.

- Ja, det var ein brå overgang. Mor hadde vaska doen heime. Nå fekk eg plutseleg ansvaret for fem lugarar og tilhøyrande fasilitetar.

I 1967 kjøpte dei hus og flytte til Nærbø, medan dei venta på å ta over garden etter foreldra til Hans, Berta og Ola Hobberstad.

Jentene kom etter kvart. Elin i 1965, Siri i 1969, Åse i 1972 og Lise 1977.

Lærte å mjølka

Då dei tok over garden i januar 1969, var teikningane til eit lågbygg-fjøs med to store siloar i eine enden klart. Det var ein tøff start, dei måtte vente på at dei vårbære kyrne skulle kalve og levere mjølk, før det kom pengar inn på kontoen.

- Ei stolpeleige på 150 kroner frå Jæren Elektrisitetsverk, var med å berga oss over den første kneiken, fortel ho.

Bondetilværet var strevsamt og godt. Sjølv om motbakkane kom.

Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygdeungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, DNT Edru Livsstil, Vennelaget for Lerbrekk Skule, Elgane Motorsykkel klubb og Vennelaget for Lennsmannsløå

Styret for Varhaugbuen er:
Leiar
Jon Harald Håland, bedriftsforeninga
Nestleiar
Lenita Salte, bondelaget
Sekretær
Per Arvid Jakobsen, misjonshuset
Kasserar
Brit Obrestad,
Vennelaget Lerbrekk skule
Styremedlem
Ane Mjåteveit, bygdeungdomslaget
1. varamedlem
Kjartan Aanestad, skulekorpset
2. varamedlem
Astrid Skreting, Lensmannsløå
Redaktør
Liv Hobberstad

Ei silogassulukke i 1970, førte til at Hans vart alvorleg sjuk og hamna på sjukehuset. Ho gjorde alt gardsarbeidet frå før, men det var først då Liv lærte Liv å mjølka.

- Eg hadde aldri sett på eit mjølkeorgan før. Den største frykta var at eg skulle få vatn inn i mjølketanken.

Hjå Brynhild Aanestad var ho med på eit møte i det som då heitte Varhaug Bondekvinnelag.

- Stova var så full av kvinner at me var fleire som sat på golvet. Eg visste mest ikkje kva eit bondekvinnelag var for noko, men før eg visste ordet av det, vart eg valt til kasserar. Slik begynte det.

Året etter reiste ho rundt på gardane for å samla inn pengar til kontingenten, då lærte ho folk i bygda å kjenna. Men det var ikkje alltid lett. «Du må helsa heim», sa folk ho trefte på stasjonen. Liv var ikkje alltid sikker på kven ho skulle helsa frå, men bygda var ikkje større enn at Hans kunne identifisera personen ut frå kva traktor eller bil vedkomande hadde.

Overskot av arbeid

Den travle kvardagen vart komplettert med engasjement i idrettslag, bygdekvinnelag, Jæren Symfoniorkester, hatteforeining, historielaget, frivilligheitsentralen og heilt garantert mykje meir.

- Kor får du overskot, kva er det som driv deg?

- Då Hans vart sjuk, og ansvaret for barn, hus og gard vart stort, kunne eg faktisk kopla av ved å vera med på heilt andre ting. Å gjera noko anna gav meg overskot heime. Kanskje gjekk det litt ut over ungane, det veit eg ikkje. Men ungane våre var aktive, flinke og greidde seg godt, sjølv om eg var vekke nokre timar.

Hans døydde brått 67 år gammal, i januar 2007.

Då var det friviljuge arbeidet med på å hjelpa Liv gjennom kvardagane som følgde.

- Det nærma seg deadline, eg måtte konsentrera meg hundre prosent om korrektur og redigering. Oppgåvene eg då hadde var til stor hjelp.

Reiseglad

«Å, du er beint fram heime», plar ho få høyra når ho er på Jærprint på Bryne for å kontrollera Varhaugbuen før bladet går i trykken. Liv er gjerne ute på reise saman med veninner.

- I fjor vart det, ikkje heilt planlagd, fire turar på to månadar. Det var gildt, men i overkant, innrømmer ho.

- Kva er drøymesituasjonen, når du verkeleg skal slappa av?

- Eg trivs godt i eige selskap i ein djup stol. Då er eg oftast så avslappa at eg duppar av etter kort tid.

- Korleis vil du karakterisera deg sjølv?

- Eg trur min beste eigenskap er at eg har eit avslappa forhold til meg sjølv. Og så har eg lært meg til å spørja, når det er noko eg ikkje skjønar. Eg er rett fram, og kallar ei spade for ei spade, utan at det alltid har vore like greitt. Eg har trødd i klaveret av og til. Men eg er meg sjølv.

- Lett til sinns?

- Ja, det er eg.

Eit godt liv

Liv er glad i musikk. Ho sat saman med mor si då ho var ung og høyrde klassisk musikk på Ønskekonserten på radioen.

- Store, mektige musikkverk og opera er fascinerande. Mor var flink å syngja og lærte meg å bli glad i musikk.

- Kor lenge skal du laga Varhaugbuen?

- Heilt til eg byrjar å rolsa, seier Liv, og ler godt. – Spøk til sides, dette er så gildt at eg vil vera med så lenge eg kan.

- Eg har hatt det godt, seier Liv.

Bygda har hatt det godt som har hatt Liv.
Måtte me få ha henne lenge.

Liv leve, hurra!

Takk for oss

Varhaug har siden 1958 hatt et korps. Det feiret vi grundig i fjor. Likevel så må vi innrømme at de siste årene så har det vært vanskelig å drive korpset i bygda. Det er utrolig mye forskjellig som ungene våre kan drive med på fritiden, og det er jo flott. Men samtidig så må en erkjenne at dette kan også gå utover noe. Og vi har sett i mange år at ungene i bygda prioriterer andre ting. Vi har hatt en god og stabil gjeng, men nå er det slutt. Vi har tatt den tunge avgjørelsen at fra sommeren av så legges korpset i dvale. Så får en se hva bygda er uten korps. Hvordan blir det på 17. mai? På varhaugmarken? I kirka på jul? Vi vet at det blir nok en del reaksjoner på dette, men det er jo bygda selv som har bestemt dette. Vi har i en årrekke prøvd å rekruttere nye folk. Men det er liksom ikke tøft å spille i korps. Samtidig så er det ventelister i kulturskulen. Så ungene i bygda er jo musikalske. Men vi skal gjennomføre våren og vi skal gi dere musikk på 17.Mai. Og kanskje på varhaugmarken også. Så får en se om det med tid og stunder kanskje er noen som trommer i sammen til et korps igjen. Men før den tid, så takk for oss.

Mvh
Varhug skulemusikkorps
Styret.

VARHAUG
1958
Skulemusikkorps

FRÅ REDAKSJONEN

Godt nytt år alle saman

Så var det på an igjen med friskt mot og blanke ark i det nye året. Blanke ark ja, det hadde eg veldig mange av då fristen for bladet gjekk ut, og då frå fleire av eigarlaga. Dei som til vanleg har noko i bladet, hadde fått ei påminning om fristen, som og hadde stått i desembernummeret, men kor vart stoffet av til dette bladet???????

Etter ei purring eller kanskje var det 2, 3 kom stoffet då sigande inn. Men slikt er veldig irriterande. Eg har bestemt meg at i dag skal eg «sy saman» bladet før eg leverar kladden til trykkeriet, men så er det så lite stoff at det er ikkje verdt å ta fram «symaskinen» ein gong. Så var det ein runde med purring både pr. telefon og mail, men det er veldig irriterande. Sjølv om eg er pensjonist, og som regel god tid, så har eg litt anna eg og er med på. Eg er alltid optimist, så eg reknar med at det går betre utover i året.

Veldig gildt med innslaget frå Ungdomsrådet. Me vil at Varhaugbuen skal visa det som me har i bygda, og då er det viktig å ha med seg det som dei yngste er oppteken av. Vonar at dei vil ha noko til bladet jamt.

Snakk med oss

Hver torsdag er det Språksprell på Lensmannsløa.

Flyktninger fra flere land har her en møteplass hvor de kan lære norsk, og bli kjent med nordmenn.

Idag har vi snakket med Ezzeddin fra Kurdistan og Nebal og Rasha fra Syria. Vi har spurt dem hvorfor de går på språksprell - og hva de tenker om livet i Norge og hvordan det er å bo her.

De har kommet til Norge fra ulike steder, men felles for de fleste som er her, er at de har flyktet fra krig, frykt og fryktelige opplevelser. Prisen de har betalt er høy!

De forteller videre at nå, når de har kommet til Norge, så ønsker de å lære norsk raskest mulig. De ønsker å arbeide og være med å bidra i samfunnet - og mest av alt ønsker de at barna deres skal oppleve trygghet - i kontrast til den krigen og frykten de har flyktet fra.

Kobani, byen Ezzeddin flyktet fra.

De fleste har flyktet fra sine relasjoner. Foreldre, tanter, onkler er ikke her - og de har lite nettverk. Derfor snakker de mye med andre flyktninger. De sier at de gjerne skulle ha blitt kjent med flere nordmenn – og at språksprell er en god plass både for å lære norsk og for å bli kjent med nordmenn. Her kan de finne norske venner, og også lære nok språk til å få kontakt med andre.

Nebal sier at hun opplever at når hun tar initiativ til å snakke med andre - f.eks. andre foreldre i barnehagen, så oppleves det positivt for henne. Da hun ikke hadde sertifikat spurte hun noen ganger om å få skyss fra andre foreldre, og de sa alltid ja. Nebal sier at det er viktig å ta initiativ selv for å bli kjent med noen.

Ezzeddin sier at hverdagen, med å gå på arbeid, lage trygge rammer for sin familie, og lære norsk, er ganske krevende samtidig som de savner alle de de reiste fra, men at det går bra. Han er opptatt av å vise nordmenn at han er en skikkelig mann som er opptatt av å bli integrert og gjøre en innsats i det norske samfunnet. Som han sier: «Jeg er ikke på besøk her. Norge er mitt land nå».

Rasha sier at hun er litt sjenert, og synes det kan være vanskelig å ta kontakt med folk. Hun bor her på Varhaug, og hun sier at hun gjerne hadde sett at noen kunne snakket med henne når de traff henne enten på butikken eller ellers rundt på Varhaug. Rasha er en kjekk dame, så herved er oppfordringen sendt til Varhaugbuens lesere! Ta initiativ til å snakke med våre nye sambygdinger! Rasha legger til at hun er veldig glad for muligheten hun har til å bli kjent med nordmenn i språksprell.

Alle tre sier at de trenger å ha noen å le med, noen å snakke med, noen å spørre om ting de lurer på - og ikke minst for å lære språket. De ønsker også å si at de er veldig takknemlige for at de får bo her og at møteplasser som språksprell finnes.

Språksprell

Det er tre år sidan me starta opp med Språksprell på løa. Språksprell er eit integrering- og norsktilbud i samarbeid med Frivilligsentralen og Flyktningenheten i Hå. Flyktningane som bur i Norge - og på Varhaug - har kome som asylsøkarar, kvoteflyktningar eller gjennom familiegjenforening. I tillegg kjem andre immigrantar som arbeidsinnvandrarar og utlendingar som er gifte seg med nordmenn. Alle desse gruppene er representert på Språksprell.

Me er 5-6 frivillige norske som driv språksprell og det er plass til fleire. Det er ein fin måte å verta kjent med våre nye sambygdingar på. Synest du det høyrest interessant ut så er du hjarteleg velkommen til å vera med. Er du nysgjerrig på kva me held på med så er det berre å stikka innom og «sjå om oss» ein torsdag. Døra er open.

Linn Vetrhus Lode og
Anny Hagesæter

Norsk folkehjelp Hå flytter inn i «nye» lokaler

Nye lokaler

Med stort engasjement flytter Norsk Folkehjelp Hå sin base fra Stuelandsbygget til Varhaug togstasjon. Laget har inngått leiekontrakt med bane-nord om å disponere den delen som er lavest tak på (sør). Her har laget fjernet en vegg og bygget opp eget møterom som brukes regelmessig til møter og kurs. Takk til privatpersoner som har deltatt med både arbeid og kompetanse i prosessen. Lokalene inneholder både beredskapsutstyr og anna materiell som vi bruker i vår aktivitet. Noen har vært bekymret for hærverk/ innbrudd men lokalet har selvfølgelig alarm installert.

Kurs og opplæring

Laget har stor aktivitet, både på internkurs innen søk og redning men også førstehjelpsopplæring for bedrifter og andre som trenger dette. Skulle det være noen som har behov for førstehjelpskurs ta gjerne kontakt for distriktets beste priser.

Beredskap

Laget deltar i beredskapsrådet i kommunen. Her sitter både kommuneledelse, brann, politi, E-verk og andre som kan trå til i en beredskapssituasjon. Kort tid før møte var den store snøstormen som satte sørlige del av kommunen i vansker. Den natten var medlemmer ute og bistod politiet for søk etter personer som satt fast i snøen.

I etter tid har laget brukt ca. 30 000,- kroner til innkjøp at en varmesøkende kikkert som kan være til hjelp å finne eksempelvis bortkomne personer i nattemørket. Det er en kjent sak at flere og flere personer med demens kan gå seg bort og en slik kikkert kan brukes å søke kjelver og utmark i denne sammenheng.

Bare i 2019 har laget vært ute på søk fem ganger, så vi trenger flere som kan bidra i dette viktige arbeidet.

Vi bygger stein på stein, og har som et felles mål å bli best sammen.

Ta gjerne kontakt på mail: haa@npaid.org

Skitrekk på Skretting

I skrivende stund er det bart ute. Men for litt si, fekk me nokre dagar med snø.

Dette utnytta familien Tobias Skretting seg av. Dei laga faktisk eit skitrekk for heile bygda og alle som ville.

Det vart ein suksess, eit yrande liv, av små og store ... folk frå bygda og omegn tok turen til Skretting. Bussar med skuleungar fekk kosa seg ... i kjempebakkar. Akebrett, slalomski, ski, gummibåt, indreslange, rumpebrett var noko av det som suste ner bakkane. På syndagen var det råd å kjøpa seg grillmat.

Ungar storkosa seg i trekket, når det sveiv, dei "rant"nesten like fort opp bakkane som ned. Parkering og toalett var og tenkt på. Tusen takk for samlande å kjekke dagar i skitrekket på Skretting.

Lenita Salte tekst/bilde

Takk til Aftenbladfotograf Fredrik Refvem for lån av bildene til Varhaugbuen

Sjakkmatt

Hå skulesjakk

Skulesjakken har no i haust vore på Ogna skule, i eit klasserom ved hovudinngangen.

Vi speler på torsdagar frå kl 1730 til ca 1845. Og eg tar gjerne med nokre i bilen når eg køyrer sørover til Ogna om torsdagane,

Me vil halda på til 13. juni. Då vert det sommarferie fram til midt i september. Kanskje me vil starte opp på Bø skule på Nærbø til hausten?

Og me legg opp til Håmesterskap i sjakk for skuleelevar 9. mars. Alle som går på skule og bur i Hå er kvalifisert til å delta. Det speles i to klassar,- nybegynnar og meister. Me har booka plass på Varhaug Misjonshus,- men kan hende vil me ha det på Ogna skule denne gongen.

Me vil prøve å få til nokre tre-mannslag frå skulane i Hå til Norway Chess skulelagturnering som vert på Bryne 14-15. juni. Her vil Magnus Carlsen og dei andre sjakktoppane koma og helse på skulespelerane og skriva autograf. Så gå saman og meld på skulelag. Det vert to klasser, barneskule og ungdomsskule. Og arrangørane håper på opp mot 300 spelarar frå heile Norge.

Om det som skjer i sjakk, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, gruppe «Hå skulesjakk».

Sjakk for vaksne

Jæren sjakklubb held til på Bryne VGS og speler på onsdagar. Vi speler no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200. Me har no i gang ei langsjakkturnering, der det er to klasser, over og under 1400 i rating. Her er det 26 som er med

Klubben arrangerte NorwayChess barneturneringer i fjor i juni. Og klubben vil stå for same turneringa 14-15. juni i år. Det er Norway Chess i samarbeid med Time kommune som står for arrangement der ein innbyr skular over heile landet til å delta. Ein vil få til rimeleg overnatting på hotell på Bryne. Det vert ei turnering med tre spelarar på kvart lag, helst frå same skule. Og det vert to klassar, barneskulelag og ungdomsskulelag. Verdas beste sjakkspelarar med Magnus Carlsen i spissen kjem og helser på deltakarane og skriv autografar.

Dersom du speler sjakk eller har lyst til å prøve, så kom til Bryne på onsdag kveld.

Klubben har egen internettside: https://www.Jærensjakk.no
Og klubben har facebookside «Jæren Sjakklubb».
Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

Kjærneboring Betongsaging
Rilling av spaltegulv. Graving og elvemuring. Sveking av kjeller. Utmeisling av fjos.
Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

NORGESHUS Varhaug
jonharald@norgeshus.no

Lars Gaute Sport
sport 1
NÆRBØ 51 43 43 10

Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no

HERREDSVELA TRANSPORT
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

Varhaug Park & Hage
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

Nytt frå Misjonshuset

Juletrea har vorte samla inn av ungdomslaget og dei har óg henta tomflasker for kr 77000 som gjekk til misjonsprosjektet. Flott resultat.

No er me i årsmøteperioden, og siste årsmøte vert Misjonshuset sitt årsmøte, 14.mars.

Elles skjer det mykje,- Ungdomslaget er aktive og vil for tredje året arrangere langhelg med «back to basic» 29-31. mars.

Norges Samemisjon innbyr til kretsårsmøte 6. april.

Det vert et eige arrangement for mannfolk når Normisjon arrangerer Herrekveld 12. april.

Fest for konfirmantane vert 24. april

På huset vart det 2 konfirmantfestar, 4. og 11. mai. Medan den siste feste vert halden så vert det også ein Europakonferanse for pastorar 10-12. mai.

Kulturskulen har lagt nokre av sine pianoøvingar til misjonshuset. Kvar måndag etter open barnehage kan ein høyre at det speles på piano i matsalen.

To gong i månaden er det fullt hus i matsalen av eldre folk. Det er «vi over 60» som samlast til ymse program, andakt og god mat og så ei utlodning. Det er litt plass til nokre fleire godt vaksne på samlingane første og tredje onsdag kl 1400 – 1600!

Sjå program på oppslag og i annonsar og følge med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett, sjå internettsida til misjonshuset. E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid

HAALAND BILVERKSTED

Vi er bilverkstedet for alle vanlig forekommende bilmerker. Vi har kompetansen til å gjøre det beste for akkurat din bil - og din lommebok.

Hvis bilen din har garanti, vil den fortsatt gjelde etter et besøk hos oss. Det er fordi vi alltid utfører service og reparasjoner i henhold til produsentenes instruksjoner - og at vi bare bruker reservedeler i henhold til foreskrevet kvalitet. Enten du er ute etter reparasjon eller service, kan du føle deg trygg ved å levere bilen til oss.

MECA-STEMPEL I SERVICEBOKEN FORTELLER AT DU TAR GODT VARE PÅ BILEN DIN.

MECA CAR SERVICE
OPSTADVEGEN 647, 4360 VARHAUG
TLF. 90 50 65 66
MECA CAR SERVICE

Vårtegn

Skrivande stund er midt i februar månad og vårtegn i lufta - snøklokker og krokus har vakna til liv allerede - ei flott tid vi går i møte- også for aktiviteter i bygdekvinnelaget.

Sonemøte på Iden **28. mars** med kåseri av Sjur Håland, sang av Cathrine Håland Varhaug, trekkspellmusikk av Agnes og dei - og ei av bygdakånene kjem sikkert og ... og sjølvsagt goe mat med kaffi og kaker til.

Så **25. april** er det klart for møte i løestova ilag med Hå Hagelag - tema hagepynt. På dagen da vert det arrangert kurs oppe i løa der ein skal lage blomsterpynt i «trau», det er bare å melde seg på til Berit Bø i Hå Hagelag, det er kun plass til 10 stk.

Dagen etter, altså **26. april** er det klart for ny strikketur med toget til Kristiansand, og dette år er det sokker/votter/luer som skal gå til Ukraina. Kurs i hælstrikk tek vi på togturen hvis det er nødvendig - ellers vert det litt trim og sang innimellom .Togvogn nr. 3 på toget er bestilt, 42 plasser- Alle kan være med på turen.

Mai er den årlige turen, men sidan siste torsdag i månaden er Kr. Himmelfartsdag har turen vore annonsert før til **torsdag 23. mai**-- .MEN - den er nå endret til **torsdag 6. juni.** Turen går til Tungenes Fyr med omvisning, så vert det mat på Hummeren Hotel og der også litt underholdning.

Kanskje får vi litt tid til å stoppe i Randaberg sentrum og sjå i nokre butikker - eller anna.

Påmelding til begge turene til Oddbjørg Skrettingland, telf. 991 04 254

1.og 2. juni er det klart for Varhaugmarken, og vi i bygdekvinnelaget vil også dette år være med handelsstanden å servere frokost lørdag morgon - lyst å være med da???

NBK har kvart år eit prosjekt /tema som vi arbeider med, dette år er det Tradisjonsmat. Vi i Varhaug Bygdekvinnelag vil arbeide litt med dette--- arrangere kurs til hausten og da tenker vi matkurs som lefsekurs---nordlandslefse-- evnt.safting og sylting (hvis bare bærsesongen hjelper oss der) Kom med innspell og ynskjer til oss i styret --- kursa er for ALLE.

Natteravn--- det er viktig- og Bygdekvinnelaget har 6 helger i året å gå- fredag og lørdag da med 2 kvar kveld. Vi har gått i veke 5 og skal gå nå veke 13-23-35-44 og 51. Underteikna har gått før jul - det var faktisk veldig kjekt og kvelden gjekk fort - bare positive meldinger/mottakelse frå ungdomane som var ute. Vi treng fleir natteravner.

Vil så ynskje alle ein fin vår og God Påske.

Oddbjørg Skrettingland

ÅRDAL & SKEIE AS
MOB: 911 52 104

ODLAND A/S
FORSKALING OG STØYPING
4360 VARHAUG

JG MASKIN
Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jgunnau@online.no
• SERVICE • DELER
• REPRASJONER

Fornøyde ungdommer etter premieutdeling!

Årsmøte Rogaland RBU

16. februar hadde vi årsmøte i Rogaland Bygdeungdomslag i Oltedal. Her var det mange gode debatter og bra innspill. Det var også valg av nytt RBU styret der vår egen Ane Mjåtveit ble valgt inn som 3. vara!

Senere på kvelden ble det bankett med god mat og flotte taler. Det ble delt ut priser og premier fra norgesmesterskap, nbu-mesterskap og fylkesmesterskap. Senere ble det polonese og Rabalders spilte opp til dans og flere tok turen ut på dansegulvet.

Plasseringer i fylkesmesterskap fra Varhaug BU:
Tonje Djøseland: 1.plass spekematsannretning, 1.plass eksteriørbedømming av hest, 1.plass 5 om dagen, 3.plass trekamp
Ane Mjåtveit: 1.plass spekematsannretning, 3.plass NBU-quiz
Jesper Lerbrekk: 1.plass 5 om dagen
Andreas Kvalbein: 1.plass T-R-T

Vi i Varhaug Bygdeungdomslag vil også prøve å arrangere BU-drøs på loftet på internatet. Her vil vi prøve å lage litt ekstra kos, samt enkelte aktiviteter. BU-drøsen er kun åpen for BU-medlemmer og BU-er fra andre lokallag er hjertelig velkomne.

Ellers har vi arrangert mange temafester og spillekvelder. Er BU kanskje noe for deg? Ikke nøl med å ta kontakt!

Tonje Djøseland

Nye fylkesstyret

Elgane har som vanlig avholdt sitt årsmøte siste tirsdag i januar.

Valgkomiteen hadde en enkel jobb, de flest tok gjenvalg. Det nye styret for arbeidsåret 2019 består av;

Leder	Omund Thu
Nestleder	Ronny Anda
Sekretær	Linda Vigre
Kasserer	Elin Hobberstad
Repr. ATV	Øystein Frøytlog
Repr. Motocross	Gunhild D. Klingsheim
Repr. Speedway	Einar Moi
Varamedlem	Frank Selebø

Elgane har fått tildelt en runde i NM Motocross for 2019, dato er ikke heilt spikra, men ser ut til at det blir første helga i juni.

Ellers venter vi på terminlister for speedway og ATV, slik at heile sesongen kan planlegges.

Treningstider;

ATV	Torsdag (når det blir lyst nok) samt søndag felles med MX
MX	Tirsdag (når det blir lyst nok) og søndag
Speedway	Tirsdag, torsdag og søndag

Som de ser er ATV og MX avhengig av «naturlig» lys for å trene i ukedagene. Det blir det snart en forandring på. Elgane planlegger å anlegge flomlys på deler av crossbanen, noe som gjør det enklere å trene heile året.

Ellers er planen en god del utbedring av crossbanen samt investere i ny startgrind .

Klubben har god økonomi, og penger «på bok» - men det tærer nok en heil del på egenkapitalen med alle planene klubben ønsker å realisere.

Elgane har levert inn søknad om tippemidler for det siste prosjektet, men det går mange år før disse pengene kjem.

Men det drysser av og til penger fra annet hold og – vi fikk en tips om at vi måtte søke på midler hos Sparebankstiftinga Time og Hå. Fikk god hjelp av daglig leder i Varhaug Idrettslag, Jan Kristian Vasshus til å utforme søknad, og fikk innvilga kr. 100.000. Pengene er øremerket sykler og utstyr til utlån. Dette for å gjøre det enklere for ungdom å prøva seg på Elgane. Dette er noe vi har hatt lyst til å gjøre lenge, så disse pengene gir oss et ekstra puff for å få prosjektet i gang.

Me treng alltid nye støttespillere til klubben. Ta turen opp og sjå hva vi holder på med. Kvar tirsdag er det kaffi i verkstaden.

Følg oss og gjerne på Facebook.
Snakkes på Elgane
Elin H.

Murmester
Waldeland & Dubland

SI.BYGG
www.sibygg.no
MESTERHUS – det blir som avtalt

SPAR
Prøv SPAR Varhaug sin nettbutikk
Klikk deg inn på spar.no og bestill varene heim!

Hjartesukk frå kasserar

Varhaugbuen kjem i postkassen til alle som bur på Varhaug. Det er også ein del utflytta Varhaugbuar som abonnerer på bladet. Me i styret for Varhaugbuen er glade for alle som gir ei gåve til bladet. Det kostar ein del å trykkje det, men sidan me leverer bladet ut på dugnad, sparar me porto. Til deg som bur utanom Varhaug og får bladet tilsendt, så kostar det porto, og me har sagt minimum kr. 200 pr. år for å dekke portokostnader. På dei fleste innbetalingane kjem det opp namn på den som har betalt. Men det er diverre ein del innbetalingar som manglar namn, og då er det umuleg å vete kven som har betalt. Bur du på Varhaug har det inga betyding, men bur du utanom Varhaug og skulle hatt bladet tilsendt, så veit ikkje me at det er akkurat DU som har betalt. Derfor - hugs å skrive namnet ditt på giroen. Betaler du som gåve til nokon andre, så skriv på kven du betaler for. Betaler du med telefonen så kjem ikkje namnet ditt opp, diverre.

Bladet kjem med fire nummer: i starten av mars, starten av juni, starten av september og til første helg i advent. Skulle du hatt bladet, men ikkje har fått det, ver grei og sei ifrå til ein av oss i styret.

KULLSYREMASKIN
FRA AGA

899,- inkl. patron

ny patron
269,-
bytte av patron
149,-

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:
EU kontroll •
Hjulstilling •
Service •
Tilhengerservice •
Salg av dekk •
Dekkhotell •

Esso
Varhaug Servicenter A/S
Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

Dette skjer ...

Me er godt i gang på eit nytt år, og ser litt attende på året me har lagt bak oss. Mykje spennande har skjedd, og skjer på Lerbrekk. **Graudafesten** gjekk av stabelen 6. desember med full skulestove, varmt, intimt og med god stemning. Denne gongen hadde me med oss Sigbjørn Reime som fortalde om livet til Arne Garborg.

Julatrefesten 28. desember var det om lag 44 personar med stort og smått som hadde funne vegen til skulen. Gaute Øgreid Rasmussen var med oss denne gongen. Han var som vanleg engasjerande då han gjekk inn i rolla som Josef.

Det som kanskje har vore mest spesielt i året som gjekk, er at Lerbrekk skule har gitt ut boka **Kvardagsfolk.** Me var jo spente på korleis dette ville gå. Me tok ikkje for hardt i med eit opplag på 542 bøker. Ville me greie selje alle desse? Ja, salet har gått strålande. Alle bøkene er selde, og me har planar om å trykkje opp fleire. Så fortvil ikkje om du endå ikkje har kjøpt boka. Du vil få ein sjanse til. I skrivande stund er det ikkje heilt klårt kor mange me vil trykkje. Me har fått gode tilbakemeldingar frå mange som har lese boka. Boka er og til utlån på biblioteket.

Sundagskafé held fram også dette året. Den første har allereie gått av stabelen 3. februar med rundt 50 gjester. Sundagskafé framover blir 3. mars, 7. april, 2. juni og 7. juli. I mai er det konfirmasjonar og august er det grillkveld.

Årsmøte vert torsdag 21. mars kl. 19.00. Det vert vanlege årsmøtesaker og utlodding. Kaffi og mat er sjølvsagt. I tillegg vil Reidunn Skretting fortelja litt frå tida som lærar på Varhaug.

Alle er velkomen til årsmøtet, både medlemmer og andre interesserte.

Vennelaget

Lennsmannsløa ungdomsklubb

Me har hatt ein knallfin start på det nye året, og mykje av dette skuldast ein innvilga søknad frå klubbstyret om pengar til prosjektet «Godt vas på Løa». Det er Frifond som deler ut pengar, og i slutten av 2018 fekk me altså ein ekstra god slant til ungdommane våre.

Pengane vert brukt på gratis frisør, gratis makeup artist, gratis thaimat, gratis sjokoladebonanzakveld og gratis kakepynting (mars). I mars søkjer dei på ny etter pengar til nye innkjøp eller prosjekt.

På ungdomsklubben stikk det jamleg innom mellom 55 – 60 stk kvar tysdag, framleis frå alle stader i Hå, men og frå andre kommunar. Alderen varierer frå 13 år til 19 år. Innimellom dukkar og politiet opp, får ein kaffikopp og litt kake, og drøsar med dei som har lyst. Dette syns me er svært triveleg.

I april arrangerer me på ny guttekveld i Lensmannsløa. Det vert goodibags, foredrag og besøk, alt retta mot gutar. Ta gjerne kontakt om du vil bidra med noko. Meir info kjem etter kvart på Facebook og plakatar.

Har du ikkje vore innom i Lensmannsløa? Er du mellom 13 og 20 år, er du hjarteleg velkommen, same om du er i 5 min eller 5 timar. Alt er gratis, og du bestemmer sjølv korleis du bruker tida di der. Me har kun reglar for åtferd; ikkje vera stygge med andre og ikkje øydeleggja noko for andre eller i løa.

Monica C Herredsvela

Varhaug sentrum - Møteplassen for alle!

Arbeid med sentrumsplan for Varhaug er i gang. Som på Nærbø er «gjestebodmodellen» også nytta hjå oss. Interesserte kan då invitere ei «gjestebodsgruppe» heim til seg for å diskutere saka og kome med innspel. Som medlem av Hå innbyggjerråd var det naturleg for meg å vere vert for ei slik gruppe.

Etter at gruppene, ca. 10 stk, hadde levert sine innspel til kommunen, vart me vertane inviterte til informasjonsmøte på rådhuset. Der møtte og interesserte politikarar frå nord og sør. På møtet vart eit samandrag av innspela presentert, innspel som var svært like kvarandre.

Her prøver eg å trekkja fram det som kom fram i innspela, noko farga av innspel frå eiga gruppe og av eigne meiningar.

1. Ein ønskjer rikeleg stor møteplass ved tenning av julegran, Varhaugsdagar, kommunale markeringar og ved andre framtidige behov.
2. Møteplass for administrativ og politisk leiing av kommunen.
3. Triveleg handlesenter, samt torgplass, der ein kan kjøpe det meste.
4. Kombinasjon med leikeplass for born (kanskje under tak), parkanlegg med sitjeplassar, leikeapparat og liten plaskedam (evt. kombinert med fontene). Dette vil auka trivselen og styrkja Varhaug som handlesenter. Jf. t.d. Gjesdal kommune sitt trivelege senter på Ålgård.
5. Ikkje nye bygningar i det absolutte sentrumsområdet. Dersom det gamle handelslaget vert fjerna, kan det opne møteplassområdet aukast. - I innspel frå ei eller to av gruppene vart det tilrådd nybygg på denne tomta. Men det kom i alle fall fram at det er viktig med ein akse open og romsleg plass frå rådhuset og ned til jernbanen og vidare ein større undergang eller evt. god gangbru over jernbanen for å binde saman vestre og austre del av tettstaden.
6. Ein ønskjer påbygging av rådhuset nordover. I tillegg til meir kontorplass ønskjer ein at dette tilbygget skal gje rom for kulturhus med bibliotek og kafe. Dette kan gje plass til aktiviteter for unge, eldre og folk flest. Kafedrift trengst både for kommunale gjester frå inn- og utland og ikkje minst for ungdom og eldre frå bygda.
7. Ein ønskjer stor P-plass. Den kan inkludere kjelleretasjen i rådhus-tilbygget med forlenging vidare nordover, helst i to plan, med innkøyring frå Dysjalandsvegen.
8. For å få plass til visjonane i pkt. 1 - 7, er det avgjerande at kommunen får løyst inn den resterande IT-tomta, der dei resterande trelastbygga framleis står.
9. Rådhusgata bør stengjast litt nord for Jæren sparebank og 30 - 50m vidare nordover for å binda saman rådhusplassen med resten av sentrumsarealet, inkludert parkanlegg nær Coop-extra-bygget.
10. Det er ønskje om nytt gjerde på vestsida av jernbanen og oppjustering av fortauet der. God skilting frå jernbanestasjonen og mot rådhuset er viktig for tilreisande.
11. Boligblokker kan byggjast som fortetting på austsida av jernbanen, m.a. på Uldal-tomta. På vestsida vil det vera plass til nokre blokker i Reiestadmarka utbyggingsområde.
12. Ein ønskjer fin innkomst til sentrum. T.d. er det viktig at den planlagde rundkøyringa nær gamle Statoil vert fin.Der kan det plasserast fint skilt med «Velkommen til Varhaug». Det kan og vere aktuelt med monument, t.d. jordbruksreiskap, sentralt i rundkøyringa. - Den delen av gamle Statoil-tomta som ikkje trengst til rundkøyringa, kan kanskje nyttast til P-plass for Lensmannsløa?
13. Ei av forgreiningane til rundkøyringa vert truleg ringveg vest og sør for Reiestadmarka utbyggingsområde. Denne vegen bør gå vidare austover gjennom jernbaneundergang (der skinnane i dag ligg minst 3m over terrenget eit stykke sør for dagens jernbanebru). Vegen kan då få tilknytning til Kyrkjevegen. - Kanskje kan då nåverande jernbanebru ombyggjast til gang- og sykkelveg når dobbeltspor skal byggjast?
14. F.v. 504 må gå som omkøyringsveg utanom tettstaden. Tungtrafikk og anna gjennomgangstrafikk gir støy, eksos og faremoment som i dag deler tettstaden. Både born, eldre og andre mjuke trafikantar bør få lett tilgang til både det indre sentrumsarealet og til barnehagar, skular, legesenter, misjonshus, idrettsanlegg m.m.

    Då er slik omkøyringsveg grunnleggjande viktig.
15. Som «langtidsvisjon» kan vurderast å flytta jernbanestasjonen litt lenger sør, nær aksen frå rådhuset, og helst slik at skinnegangen vert lagd ned i bakken med overbygning, som t.d. kan nyttast som park.

Ja, dette var vel det meste av det som kom fram i innspela frå gruppene på det avsluttande møtet i rådhuset. Til slutt vart kommunen takka for den inkluderande planleggingsprosessen.

Eirik J. Varhaug

«Møje på gang på Iden»

Aktivitetsparken, idrettslaget så vidt hadde starta på i sist nummer av bladet, skal stå ferdig i mars. Ein del av utstyret er alt kome på plass.

***

Idrettslaget skal starta med open hall, som og skal vera ein arena for gaming. Dette skal vera eit tilbod til dei som ikkje er så oppteken av handball og fotball. De finn meir om dette i laget si nettside.

***

Laget held og med ein reguleringsplan for anlegget, slik at dei kan starta med bygging av fotballhallen. Men dette er ein prosess, som diverre ikkje vert styrt av idrettslaget, og som kjent; slikt tek tid!

***

Idrettslaget skal ha årsmøte måndag 18. mars. Vonar at de som ikkje går her oppe jamt, kjem på møtet. Både for å høyra om kva som skjer i laget, men ikkje minst for å sjå dette flotte anlegget som bygda har.

Kulturkveld 17. Mai !

«Kultur i Løå» inviterer til jærsk kulturkveld på Grunnlovsdagen 17.mai. Espen Hana bidrar med drøs og musikk,

Tid: Fredag 17. mai 2019, klokka 19.00

Stad: 1.etg Lensmannsløå på Varhaug

Billetter selges på Bøèn og på Linticket.

Pris kr 300,-(+avg) inkludert mat, kake og kaffe.

Salg av øl, vin og brus.

Aldersgrense 18 år.

Program for Kultur i Løå vår 2019:

21/3	***Torvald Thu – mannen og litteraturen, med Kjell Olav Stangeland***
	Oppvarmes med gruppen «Lydlekasje»
25/4	***Silo & Saft i 20 år, Jubileumskonsert***
17/5	***Kulturkveld med musikar Espen Hana***
23/6	***Jonsokfeiring***

Lunsjtreffet kl. 12:00-13:30 i Løå er for alle. 50,- for måltidet.

Datoer: 13/3, 27/3 og 10/4

Programmet oppdateres på plakater, facebook, sms og mail.

Spørsmål til programmet: 938 13 234

For å få påminning på SMS og mail, kan dere melde dere inn i vennelaget (gratis) ved å sende SMS med navn og e-post adresse til: 976 88 571

Kjempeflott konsert i Løå

Åltveltes er eit åtte manns band, som har spela saman sidan slutten av 80-talet.Bandet spelar ein blanding av rhytnm & blues, bogie og soul i tillegg til rock. Solist var Ola Hegrestad med Torstein Obrestad piano, Leif Arve Lagestrand trommer, Knut Engelsgjerd gitar, Helge Nordbrå bass, Leif Inge Håland sax, Frode Hagerud trombone og Kjetil Fuglestad trompet.
Det var både ein intim og ekte rockekonsert, som vart god motteken av publikum på torsdag. Ekstra sporty, og stor takk, til eit knippe frå Jæren Gospelkor som tok utfordringa på strak arm og kora ein song.

Nyheitsfrukost: Birte Skretting Auestad, Glenn Skretting, Anette Vagle, Maren Vagle

Nyheitsfrukost på SPAR

Fredag 22. februar var eg på denne frukosten på Spar frå 08.00 - 11.00. «Kom og smak på 2019 sine nyheiter», stod det på plakaten

Det var ein del folk innom, men det var mange som ikkje hadde fått med seg dette, og vart ganske overraska då dei vart møtt med eit bord full av matvarer.

Her var brød/smør med tilbehør, frukost blanding, meieriprodukt og til sist masse snob til Ali kaffien.

Eit veldig gildt tiltak av Spar. I tillegg til at dei fekk presentera nokre nye produkt, var det og eit sosialt treff for mange.

Gordon seier dette var eit forsøk på å laga til noko nytt i kvardagen, men sidan det ikkje var så veldig mange frammøtte, kunne det kanskje vore betre ein laurdag? Det hadde vore oppslag i ramen og på nettet, men det er ikkje alle som sjekkar det dagleg.

Her var det og høve til å ta ein drøs med Terje frå røyrleggarfirmaet Volden og Tollefsen, eller Bjørnar frå Halvorsen. Sistnemnde hadde og ein liten maledemonstrasjon.

På Nærbø har frivillige i regi av frivilligsentralen hatt frukost ein laurdag i månaden i 10 år. Dette var eg med og hadde planar for då me fekk til Mødeplassen i Sentrumsgården, men så fekk me kafe der……. Enn så lenge er det ledig etter Lars Gaute, kva om nokre frivillige fekk til laurdagskafe der, ein gong i månaden , saman med Spar? Eg berre spør!
Liv

MAU
MURERFIRMAET AANESTAD & UELAND
Totalleverandør av bad og våtrom

HELLA MASKIN AS

Slakteren
R.SKRETTING A.S

ungdomsrådet

Frå fredag 15. februar til laurdag 16. februar hadde Ungdomsrådet ei overnatting ved Hå kulturtorg på Nærbø. Det er fleire nye styremedlemmar, så det var eit godt høve til å verta betre kjent med kvarandre, og å leggja ein slagplan for året.

I styret i URÅ skal det i følgje retningslinjene vera 15 medlemmar, frå 13-20 år, fordelt på kjønn, dei fem ungdomsskulane og litt eldre ungdom i kommunen. Pr. dags dato, er det berre 13 medlemmar og me prøver å verva fleire ungdom frå sør i kommunen.

Ungdomsrådet i 2019:
Leiar: Eivind Rønneberg Fagereng
Nestleiar: Sander Nærland Rosseland

Øvrige styremedlemmar: Harly Bråten, Live Skrettingland, Trym Engelsvoll, Aleksander Johannessen, Thiril Cederstrøm, Kristine Fuglestad, Tora Wiig Njærheim, Mari Rimestad, Julia Goszczyk, Amalie Lode og Mina Hobberstad.

Ungdomsrådet er blant anna til for å lytta til kva ungdom ynskjer skal skje i kommunen, og arrangera kjekke sosiale treffpunkt på tvers av bygdene. Ungdomsrådet har to (tidlegare) medlemmar i Innbyggjarrådet, som tek opp aktuelle sakar vidare der.

På barn-og unges kommunestyre i november 2018, stilte URÅ spørsmål til ordføraren om tilbodet om (eller mangel på) skulehelsetjenesta/helsesystrene. I tillegg tok ungdomsrepresentantane Thelma Hognestad Ueland og Asta Herredsvela saka vidare til Innbyggjarrådet i januar 2019, angåande tilbodet om psykisk helse-grupper på ungdomsskulane, som er ei sak Ungdomsrådet brenn strekt for!

Ungdomsrådet har bestemt at dei vil arrangera LAN i samband med påskeferien i Hå kulturskule sine lokaler på Nærbø, og få til eit arrangement rett før sommarferien for alle ungdom i Hå. Ellers skal ein i gang med søking og planlegging for å få til ein utvekslingstur til Polen i løpet av hausten 2019/våren 2020.

Ikkje ver redde for å ta kontakt, om du har forslag til noko du ynskjer skal skje for ungdom, noko du reagerer på i positiv eller negativ forstand eller.... kva som helst, eigentleg! :)

Kor finn du oss, tenkjer du?
Facebook: https://www.facebook.com/ungdomihaa/
Instagram: @uraahaa
Mail: gjho@ha.kommune.no

Gjertine Hognestad
Sekretær i Ungdomsrådet i Hå
Fritidskonsulent v/Hå Kulturtorg

Referat Sveineskogen

Vi var i Sveineskogen på medlemsmøte i januar. På medlemsmøte så var det mange kjekke medlemmer som kom cirka 110 og noen kjekke voksne som var med og hjalp oss. Medlemsmøte gikk ut på aktiviteter blant annet å finne veien gjennom en løype der det kun er en som ser, så hadde vi reaksjonstest, melkespannholding og lignende aktiviteter. Me i styre er veldig fornøyd med et flott medlemsmøte med fantastiske medlemmer.

Referent: Thea

«Bruk oss i dag, om du ønsker oss i morgen»

Dette er ord som har møtt meg i Jærbladet i det siste i annonse frå butikkar på Nærbø, Varhaug og Vigrestad. Og vidare kunne ein lesa:

«Har du tenkt på dette? At nettbutikker aldri vil støtte ditt lokale idrettslag, gi ditt barn sommerjobb eller sponse premier til skolearrangementet. **Dette er det ditt lokale næringsliv som gjør!**

Å handle lokalt gir deg mye mer enn produktet du kjøper. Å handle lokalt bidrar til at vi kan opprettholde det brede utvalget i lokalsamfunnet. Å handle lokalt bidrar til at bedrifter får muligheten til å gi ditt barn sommerjobb, støtte idrettslaget eller sponse premier til skolekorpset loddsalg»

Støtt difor opp det lokale næringslivet!

«Bruktkjellaren ting og tøy»

Dette er noko nytt på Varhaug. Dei starta før jul, og held til i kjellaren i hus A på Klokkargarden. Her finn du det meste av brukte ting, md unntak av store møbler. Dei har opent tysdag, onsdag og torsdag frå kl. 13.00 til 17.00 i tillegg til første laurdag i månaden. Det er Mental Helse som driv butikken, og dei har fått fleire rom i kjellaren. Dette var ein kommunal kjellar, som elles ikkje var i bruk til noko, og difor slepp dei å betala husleige. Nå er kjellarroma fylt opp med ting og tang for sal, i tillegg til ein krok der ein kunne setja seg og nyta ein kopp kaffi og vaffelkake, gratis. I veke 7 og 8 hadde dei posesal av klede.

Etter eit besøk i Bruktkjellaren, gjekk eg innom Gjenbruksbutikken i Hatlevegen og spurde om dei hadde merka noko til at det hadde kome ein til. Dette svara dei nei til, men dei kunne fortelja at det var mange som hadde kome der og spurt vegen til den nye. Så kjøp av brukt slår vist berre meir og meir om seg.

Trist, men sant- nå har Lars Gaute slutta med sportsbutikken på Varhaug

Han held nå fram på Nærbø, men det er ikkje heilt det same som å ha han i gangavstand. Er det me bygdafolk som har svikta, eller vart det for tungvindt å ha butikk både på Varhaug og Nærbø??
Har det kanskje vorte meir spanande for folk å reisa til dei store kjøpesentra på Bryne og Kleppe eller er det netthandel? Det er mange ?????? her, men eg berre lurer. *Liv*

Heldigvis har me framleis Fellesen, Halvorsen, Lotus, Troll i eske og Apotek. (om me brukar dei)

Viss det er nokon som trur at det berre er bøndene som finn noko på Fellesen, eller at hos Halvorsen får du berre maling, tapet og tepper, så må dei verkeleg ta ein tur innom for å ta ein sjekk.

Bjarte på Fellesen så sa det litt fleipete slik: «Me he det mesta utanom brød og melk». Det er nå ikkje heilt sant, men ... Berre gå innom og sjekk sjølv. Trur du vert forbausa over alt du finn av både bruksting og gåver til store og små.

Og i tillegg til desse to finn de både hos Halvorsen, Lotus og Leike/garnbutikk på Extra og Apoteket ei mengd gåveartiklar til både store og små. Alle er velkome innom får og sjå, og då vil eg tru mange for seg ei overrasking. «Oj, trudde kje di hadde dette her på Varhaug». Og treng de hjelp, så står det hyggeleg betjening klar til rettleiing og med svar på spørsmål om varene.

Nå må bygdafolket bretta opp armane og tenka slik «Vil me ha butikkar her på Varhaug, så må me sandeleg bruka dei» Jærbuen er ikkje van med å «skrøyda og framsnakka» noko. Nå bør me ta oss sjølv i nakken og gjera det, og ikkje seia slik «Her på Varhaug får me ingen ting, så eg måtte te Nærbø/Bryne for å kjøpa den gåva.

Kva med eit gåvekort? Det kan du og til med få frå slaktar Skretting, i tillegg til alle dei andre. Eg har fått mange slike til basaren til bygdekvinnelaget.

Kva har vi elles på Varhaug? Me har masse gode frisørar, til og med for hundar. Me har fotograf, hundebutikk, fotpleie, mange stader å kjøpa noko godt til kvelds, eller Take Away om du vil: Bøen, Esso, thai og kinamat i tillegg til Stasjons Pizza og grill. Ja, og så har med pub, ein stad og vaska bilen, 2 bankar ... trur ikkje eg har gløymt noko. Me må ut for å kjøpa vanlege klede og sko, men elles har me det mesta på Varhaug.
Liv

Obs! - Obs!

Varhaugmarken vert fredag 31. mai og lørdag 1. juni.

Kanskje har du sett ei lita bu som er kome opp i kanten av den gamle Statoil stasjonen, eller Herredsvela Transport, i nord austre kanten Der kan du nå bestilla/kjøpa Tai-mat.

I Varhaugbuen nr. 1 i 2017 skreiv me at nå kunne Varhaug få kjøpa Thaimat på Varhaug. Då var det ei dame som budde på Vigrestad, som hadde starta opp i Sentrumsgården. Dette eventyret varde ikkje så veldig lenge, men i nummer 3 av bladet i 2017, kunne me presentera ei ny dame med Thaimat i same lokale. Yopadee Penjan starta opp like etter Varhaugsmarken det året. Ho budde på Tjelta saman med mann og 3 barn, og sjølv om det vart lengre reisetid, var ho optimistisk.

Men kor lenge var Adam i paradis. Sjølv om Sentrumsgården og Stasjonsvegen er midt i stasjonen, så ligg den likevel i «bakevja». Penjan hadde ein del faste kundar, men det var for lite igjen etter at husleiga var betalt. Men dette er ei dame som ikkje gir seg så lett. Etter at ho før jul etablerte seg i buå, som ligg veldig sentralt, så har sal av Thaimaten berre auka og auka. Varhaugbuen tykkjer et er veldig gildt når det kjem nye folk til Varhaug, og som får det til å gå rundt. Får kryssa fingrane for at det kjem endå fleire!

Buå er oppe måndag - torsdag kl. 14.00 -20.00.

Fredag kl. 14.00 – 21.00 og

Lørdag/søndag kl. 13.00 - 21.00

De kan og bestilla mat i telefon 401 95 140 eller 485 04 749

Penjan er veldig glad for at ho ikkje berre ga opp Varhaug, for denne flyttinga har vore ganske fantastisk. Litt kaldt har det nok vore i den verste vinden, men det var heller ikkje det varmaste i Sentrumsgården, sjøl om det var innomhus Varhaugbuen ynskjer Penjan lukke til vidare med Thaimaten i Buå.

PS. Ho lagar nokre utruleg gode vårrullar.

Røyrleggarbedrifta Volden Tollefsen, har fått lærling

Martin Vågsvoll frå Gjøvik er 23 år og tok til som lærling i bedrifta 4. mars Ei jente frå Varhaug gjorde at han valde å verta Jærbu, og då passa det godt at Volden Tollefsen skulle ha ein lærling. Martin har gjort seg ferdig med 1 år i læretida annan stad, og er nå klar for runde to på Varhaug med sikte på fagbrev som røyrleggar. Martin bur på Vigrestad, der han har arbeidt som avløysar ei tid, men om ikkje mange månadane flyttar han til Varhaug. Martin seier han er glad for å ha kome til Jæren, for han liker ikkje snø, og kosar seg heller innom hus med gitarspel.

Terje Vik i Volden Tollefsen seier dei er veldig glade for å ha fått Martin med på laget. Arbeidsmengda har auka, og firmaet har fått eit godt fotfeste på Varhaug, så då er det kjærkome med eit par ekstra hender. Og med tida til Martin som avløysar, vonar Terje at det og kan vera med på å få endå meir kontakt med nye bønder.

Varhaug bondelag

28/1-2019 ble siste versjon av landbruksmøte på Varhaug avholdt. Tema på dette møtet var: «Hva er god dyrevelferd». De ulike innlegga handla om saker rundt dette emnet. Bønder flest har dyrevelferd høgt på agendaen hver eneste dag. Ikke kjekt å se syke kalver eller halte kyr. Dyra skal være blanke i pelsen, rene og rolige i lynnet. Er dette på plass er det mye kjekkere å gå på jobb. Dyrevelferd ble likevel overskygga av en annen aktuell sak, nemlig nedlegginga av pelsdyrnæringa. På stormøte var det mange gode innlegg rundt dette. Varhaug Bondelag støtter pelsdyrnæringa i deres synspunkter. Regjeringa bør gjøre helomvending, og klarer de ikke det må i det minste kompensasjonen stå i stil med behovet. Hver pelsdyrbonde må behandles individuelt. Det kan ikke være meninga at folk som har drevet ei lovlig næring skal bli skadelidende for et slik vedtak. Til slutt ønsker vi alle kollegaer lykke til inn mot sesong. Håper hverken fjoråret eller 2017 gjentar seg. Et godt grasår hadde vært midt i blinken etter to magre år.

Utdanningsval

Varhaug ungdomsskule og Vigrestad storskule har i 13 år samarbeidd om å gje eit best mogeleg tilbod til elevane i faget utdanningsval. Faget skal vera med på å gjera elevane våre betre rusta til å gjera rett val i vidaregåande skule

Elevane får prøva seg på to studieretningar i vidaregåande utdanning, ein på niande trinn, og ein på tiande trinn. For å gje best mogeleg tilbod, brukar me lærarkrefter, men me legg og vinn på å bruka lokale ressurspersonar som kan faget sitt.

Me har fordelt studieretningane mellom skulane, og elevane vert frakta fram og attende med buss.

Faget går over tre timar i veka i seksten veker, frå oktober til februar.

Naturbruk

I Naturbruk brukar me lokale aktørar innanfor faget for å visa elevane mangfaldet og breidda innanfor landbruket.

Me tek alltid til med ei teoriøkt der elevane må gjera seg kjende med studieretningen og finna og bruka dei beste kjeldene for informasjon.

Dei fire neste øktene brukte me på anleggsgartnarfaget. Elevane fekk ei enkel teoretisk innføring i det å leggja beleggningsstein, dei neste øktene la me stein. Takk til vaktmeister Magnor for svært god hjelp i arbeidet.

Neste økt var me på besøk hos Elin på Hobberst. Ho snakka og forklarte om kyllingproduksjon, og me fekk og ei grunndig innføring i det å driva med mjølkeproduksjon.

Me hadde og ei økt hos Bjarte på Felleskjøpet. Som alltid ga han oss ei enkel og grei orientering om samvirket, og han viste oss rundt i butikk, på lager og i verkstaden.

Har me sett kor mjølka kjem frå, må me og sjå korleis ho vert handsama frå tankbil til kartong. Me vitja Q-meieriet og fekk vita litt om korleis mjølka vart kontrollert og sjekka for alt mogeleg. Me fekk og sjå dei heilautomatiske produksjonslinjene.

Siste økta før jul tok me turen til Bru gard på Brusand. Lauritz sjølv tok i mot oss, viste oss rundt og snakka engasjert om gulrot- og løkproduksjonen. Kommentaren her frå elevane var at me skulle hatt meir tid.

Me starta friskt på nyåret med besøk hos Siri Lea. Ho fortalde oss om høns og egg, og at hanane hadde det travelt. Same økta var me og innom hos Ådne på Skrettingland for å høyra om kålrabidyrking på Varhaug. Nikolai tok vel i mot oss og han ga oss ei fin orientering om kålrabidyrking, og han forklarte oss kvifor Varhaugsjorda var veleigna for kålrabi.

I desse tidene med uro rundt mink og pels, måtte me berre sjå kva minkhald er for noko. Difor reiste me til Kverme gard og Nikolai Valheim. Han fortalde oss villig vekk om produkjon, om investeringar og om hans tankar om framtida.

Me tok så for oss den skulen i distriktet som gir utdanning innan landbruket. Me var på ope hus på Øksnevad vgs ei lang kveldsøkt. Me fekk sett litt film og fekk orientering om skulen og dei tilboda dei gir.

Så hadde me ei god økt på skulen med Runar Odland som fortalde om seg sjølv og korleis han driv garden sin. Han snakka om økonomi, om dyrevelferd, maskinar, reglar kontrollar og mangt og mykje ein bonde må forhalda seg til.

Siste økta hadde me hos Tore Matningsdal. Han fortalde om sau og sauehald. Han var svært engasjert, og var tydeleg på kvifor han dreiv med sau. Han demonstrerte og kva hundane hans kunne gjera med sauene. Då var me imponerte, og kanskje forsto me kva han meinte då han sa at han heller ville kvitta seg med traktoren framfor å kvitta seg med hundane.

Alt i alt har dette vore eit lærerikt år der me har fått innblikk i litt av mangfaldet innan landbruket. Felles for alle dei lokale kreftene me har brukt, er at dei er utruleg engasjerte i yrket sitt og alle framheva at nøyaktigheit og mykje arbeid er det som må til.

Silje Marie Strandberg - Sommerfugleffekten

Felles foreldremøte for skulane på Varhaug og opplegg for 5. - 10. trinn.

Tysdag 5. februar var Silje Marie Strandberg på eit felles foreldremøte for Varhaug skule og Varhaug ungdomsskule. 255 personar deltok på møtet som vart arrangert i Jæren Sparebank Arena.

Silje Marie fortalde om sin oppvekst på Vikeså. Ho var ei glad og utadvendt jente, aktiv i idrett og leika godt med både gutar og jenter. I løpet av skulegangen vart ho utsett for utestenging og trakassering. Silje Marie fortalte både føresette og elevar om kva dette har gjort med henne som menneske, og om den smerten det påførte henne over mange, mange år.

I ettertid har ho snakka med mange av dei som var med på å plaga henne. Dei trudde ikkje det var så gale, og angra på det dei hadde gjort.

Med dette i tankane ynskjer me å læra av hennar erfaringar, og nytta desse i vårt vidare arbeid for eit trygt og godt miljø for alle barn og unge på Varhaug, både på skulen og i bygda. Sjølv om ei enkelthending ikkje kan verka så alvorleg, kan summen av mange slike krenkingar gjera utruleg stor skade!

Onsdag 6. februar fekk 5. - 7. trinn og 8. - 10 trinn høyra historia til Silje Marie. Dei fekk sjå ein film bygd på Silje Marie si historie. Ho fortalde kva mobbing og ekskludering kan føra til. Elevane lytta godt og stilte enormt mange gode spørsmål.

I ettertid har me fått gode tilbakemeldingar både frå føresette og elevar som hadde lært mykje av denne historia. Viss du ønskjer meir informasjon finn du mykje på www.sommerfugleffekten.no.

Johan Omland

Kati Sonst (is og vann)

En spennende hobby

Godt nytt år og tusen takk til alle som besøkte fotoutstillingen vår før jul!

Fotoklubben er nå godt i gang med 2019. Dette er litt om hva vi har hatt på programmet så langt og planene våre fram mot sommeren.

Island - vilt og vakkert

I januar fikk vi oppleve ville og vakre Island sammen med John Sirevåg, Arild Thorsen, Cato Berge og Oddvar Johnsen. De viste en fantastisk bildeserie fra en nylig reise til Island. Ekstra stemningsfullt blir det når bildene får følge av vakker musikk. Da er det umulig å ikke drømme seg bort. Utrolig flinke fotografer som vi gjerne vil ha besøk av igjen.

Fuglekikking - en spennenes hobby

På februarmøtet fikk vi innblikk i en hobby som ligger nært opp til vår egen, nemlig fugler og fuglekikking. En engasjert og kunnskapsrik Morten Tjemsland fortalte om fuglekikkermiljøet og det fantastiske fuglelivet her på Jæren. Vi fikk tips om gode steder å reise til for å se og fotografere fugler. Bilder av både vanlige og sjeldne fugler i området her og glimt fra turene sine i inn- og utland viste han også. En interessant og lærerik kveld.

Årsmøte og nye medlemmer

Klubbens årsmøte gikk av stabelen i februar. Da var det ekstra kjekt for oss som har vært med en stund å få stifte bekjentskap med flere nye medlemmer. Håper de vil trives i klubben. Vi har fortsatt plass til flere og ettersom årsmøtet har bestemt å beholde kontingenten på kr. 300,- koster det slett ikke skjorta å bli med. Kjell Gunnar Arnesen ble valgt som nytt styremedlem for to år, mens Rune Scheie, Ben Simon Djøseland Marianne Kristiansen fortsetter i sine verv i ett år til.

Kommende aktiviteter

Klubben fortsetter å møtes første mandag i hver måned, som regel i Lensmannsløa fra kl. 19-21. Vi fortsetter også å utfordre oss selv til å ta bilder med bestemte tema. Disse viser vi fram og diskuterer på møtene. Hittil i år har fototemaene vært «julekort» og «is og vann». Til de neste møtene skal vi boltre oss med «linjer og former», «vær og vind» og «det spirer».

På møtene i mars og april får vi besøk av henholdsvis Rune Helliesen og Arnt Ove Jøsang. Begge er meget dyktige fotografer fra området her. De skal holde foredrag for oss. Arrangementene blir nærmere kunngjort på facebook en ukes tid i forveien, så følg oss der.

I slutten av mai reiser en del av oss til Dalen Villmarksenter i Telemark for å fotografere traner. Det blir spennende.

Samarbeid med 4H

Klubben har startet et lite samarbeid med 4H dette året. Mange har valgt seg fotografering som 4H-oppgave. Det lover godt for rekrutteringen til klubben og vi vil gjerne bli kjent med ungdommene. De er derfor invitert til foredragene vi skal ha i mars og april. I tillegg håper vi å få til en fotoutflukt sammen med dem i juni. Vi gleder oss.

Gunnvor Bjorland (is og vann)

Rune Scheie (is og vann)

Kati Sonst (is og vann 2)

4H fra Sveineskogen

Ny ung dagleg leiar hos Bø'en

Maria Årdal er 22 år og frå Varhaug. Ho er godt kjent med arbeidet hos Bø'en, etter å ha arbeidt der meir eller mindre i fire og et halvt år. Først som deltid då ho gjekk på skulen, og dei siste 2 åra fast. Nå er ho ny dagleg leiar, etter at Magnar Håland vart pensjonist, og ho har med seg 6 medarbeidarar. Maria er fødd same året som «Bø'en» vart til - i den forma den er i dag - og har såleis alltid hatt eit forhold til arbeidsplassen sin. Etter så lang tid med det arbeidet, veit ho godt kva ho går til, nå som sjef. Men dette tek ho med knusande ro. Me er ein stabil og godt innarbeid gjeng. Me trivs alle saman både som kollega og med alle kundane, så ho trur ikkje arbeidet vert så mykje endra om ho nå er sjef.

Som ein kunne lesa i Jærbladet, har det vorte skifte på eigarsida. Nå er det Reidar Skretting, Tore Dubland og Kornelius Odland som er eigarar av Bø'en.

Alle er dei unge engasjerte Vargaug gutar, som brenn for utviklinga av sentrum i Varhaug. Sjølv om Bø'en er på andre sida av jernbanen, så reknar me likevel at dei er ein del av sentrum.

Varhaugbuen ynskjer dei nye eigarane og ikkje minst den nye daglege leiaren, Maria, lukke til vidare. Bø'en har vore ein institusjon i bygda og sentrum, og det vil det nok framleis vera i åra som kjem
.

Liv

I går fekk eg og krokusane vårfornemmingar

"Våren er vidunderlig. Den får deg til å føle deg ung nok til å gjøre alt det som du er gammel nok til å vite at du ikke kan."
Franklin Jones

Ha ein strålande torsdag.
Helsing Brit

Korslaget 2017

Varhaug skule deltok på korslaget for skulane i Hå. Der konkurrerte me mot Ogna, Vigrestad, Bø, Motland og Høyland skular. Varhaug skule vann premien «Feel good» med songen «Hit the road Jack». Skikkeleg bra arrangement med god trøkk og underhaldning frå alle kora.

Hyggekveld på ungdomsskulen

12. desember vart Varhaugbuen invitert til Ungdomsskulen, saman med familie og venner av elevane til julekafe og «julebutikk». Her hadde heile skulen vore med, og hadde ansvaret for arrangementet, for verkeleg å få merka fellesskap følelsen - «dette har me gjort i lag» – Og dette vart kanskje og eit ekstra lyspunkt for mange – noko alle kunne gjera i lag i denne elles så tunge og triste starten på skuleåret.

I kafeen kunne ein få både risgraut og kaker, i klasseroma var det butikk med sal av a julekaker og mange andre ting som elevane hadde laga, og utvalet var ganske stort. (eg kjøpte både kaker, ei kjempegod frukostblanding og litt julepynt). Og i hallen med «fuglaberget» som Anne Sofe Hårr kalla det, sat mange av elevane og var med på med rytmisk song, mens me «gjester hadde benka oss rundt borda ved vindaugo.

Dette julearrangementet er eit ledd i undervisninga med: **Redesign/design/handverksproduksjon og produksjon av varer og tjenester.**

10. klasse hadde ansvaret for matsalet. 9. klasse for handverk/baking og 8. klasse dei praktiske innslaga med dans, og sang mm.

Her hadde elevane lagt ned mykje arbeid både med maten og ikkje minst underhaldninga. Og det var tydeleg og sjå på elevane at dette var noko dei hadde kosa seg med. Sal og både mat og dei andre sjølvlaga produkta gjekk raskt unna, av dans og musikkopplevinga i hallen fekk stor applaus.

Inntektene frå denne kvelden skal gå til elevrådet, og skal brukast til utstyr og anna dei treng.

Program for Hå Hagelag 2019

14. mars Planteformering ved såing og stikking v/ Karl Johan Bø og Reidar Vigrestad.

11. april Dugnad på Klokkarhagen. Kl. 17.00.

25. april Kurs på dagtid v/Heideros og Ovin Udø Arrangement på kvelden i lag med Varhaug bygdekvinnelag. Emne: Fjellhage,anlegg og beplantning.

9. mai Handledag på Braut og Wiig.
Avreise kl. 17.00

16. juni Dagstur til Hidra med hagebesøk og grilling.

8. aug. Hagebesøk

12. sep. Spennende løkplanter v/Kaj og Minna Andersen

10. oktober Rododendrum v/Reidar Vigrestad

12. desember Julemøte.
Alle møter starter kl. 19.00 i Lensmannsløa på Varhaug hvis ikke annet står i programmet.

ALLE VELKOMNE

Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Vi digger Ønsketransporten og donerer en dags omsetning til deres fantastiske innsats for å hjelpe folk som er alvorlig syke.

Lørdag 30. mars stiller alle på jobb og klipper for Ønsketransporten. Alt vi får inn på klipp denne dagen går uavkortet til Ønsketransporten.

Merk: Kun klipp denne dagen.

Er du fornøyd - er vi fornøyd

Dame- og herrefrisør

www.ledigtime.no/sentrumsalongen

CUTRIN PROFESSIONAL

Så trist, så trist

at denne livlege gjengen nå går i dvale

Takk for oss, var overskrifta i korpset sitt innlegg i bladet. Eg var dum nok til å opna den mailen like før eg skulle legga meg, og det skulle eg nok ikkje gjort. Då vart det langt på natt før svevnen tok meg. Og det var ikkje fritt for at eg felte ei tåre eller to.

Dette har nok «låge i kortå» ei lang stund. Og eg må verkeleg gje skryt til Lars Ole og Kjartan med resten av styret, at dei har klart å halda på så lenge. Det har nok ikkje alltid vore lett med så få musikantar. Men dei har heller ikkje hatt det lett når dei måtte seia at «nok æ nok». Kjartan og dei andre var glade i korpset, og ungane hadde det gildt med spelinga.Eg sa i trykkeriet at eg ville helst hatt sørgjekant rundt stykket, og som de ser har eg fått ei svart sløyfe. For dette tykkjer eg er trist, og sikkert og andre gamle korpsmorar. Men kva skal dei vel gjera når det ikkje er rekruttering. Kvifor er det ikkje kult å spela i korps? Dette forstår eg ikkje heilt, når eg ser på to av mine som spela i over 10 år. Og den gleda dei seinare har hatt av lærdomen frå korpset. Mange av ungane treng nok eit ekstra puff frå heimen, om dei ynskjer å spela noko. Og det er heller ikkje slik at det er meir å gjera for korpsforeldra enn i andre lag der ungane er med. Men med så få, som det har vore i Varhaug dei siste åra, er det jo klart det har vore travelt 17. mai med kake/kaffi salet der.

Så er det berre å håpa at den dvalen korpset nå går inn i, ikkje vert langvarig. Kunne mest tru at me var ei lita grend «langt oppi dalom» der butikkar, korps, skule mm, vert lagde ned. Men me bur ei stor og grei bygd med ei mengd gilde og dyktige folk. Me burde vel hatt eit ganske stort skulekorps her, eg berre spør!

Helsing ei sorgtung "gammalle" korpsmor.

hud & fotterapi VARHAUG
HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut
Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

AH BYGG AS
BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

Besøk biblioteket på Varhaug

Torsdag 21. mars kl. 17.30-18.30. Biblioteket på Varhaug

BOKKAFÉ FOR BARN

Britt Astrid Helland Ek fortel og les frå nye bøker. Arrangementet passar for barn frå 4 år, til og med 2. klasse. Enkel servering. Gratis.

Torsdag 4. april kl. 18.00. Biblioteket på Varhaug

BOKDRØS

Britt Astrid Helland Ek og Tove Obrestad Wøien har bokpresentasjonar og høgtlesing. Ta med spøtet eller heklet om du vil. Gratis.

Karate eksamen for mindreårige; *Den 3.12.2018 ble det organisert karate eksamen for mindreårige medlemmer fra Hå karate klubb. Som målgruppe var fra alderen 6-9 år.*

Varhaug karateklubb

Fra venstre :Adrely Lauritsen, Sensei Audrone Sirokova, Matas Isakovas

Hå karate klubb har feiret 10års jubileum 18.12.2018

SpareBank 1 SR-BANK
Sammen får vi ting til å skje.

- Alt innen tømmerarbeid
- Rehabilitering bad, vi ordner alt.
- Tilbygg/ påbygg
- Nytt tak, nye vindu, ny kledning
- Etterisolere boligen

BYGGMESTER SKRETTINGLAND & LOBEKK AS
Telefon 982 46 475 - Mail post@bm-sl.no

BDO AS
Avd Jæren
Rådhusgata 2A, 4360 Varhaug
Telefon +47 51 79 12 20
www.bdo.no

Fra venstre :sensei Audrone Sirokova, Egle Isakoviene, Arunas Banisevicius, Arild Hølland, Roger Lauritsen



Stoff-frist

Stoff frist for neste blad er
13.5.2019

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

Årsmøtetid:

Sykkelklubben
7. mars

Vennelaget for Lensmannløå
13. mars

Varhaug idrettslag
18. mars

Vennelaget Lerbrekk skule
21. mars

Varhaugbuen
8. april

DIN LOKALE RØRLEGGER

HE DU EI KU SÅ HE REVE SONDT ETT DRIKKEKAR? ETT DASS SÅ LÆGE? ELLER SKA DU BYGGA NYTT FJOS? JEDNA VELA BADE

Me i VoldenTollefsen æ hær for å hjelpa dæg. Mæ stort å smått, om dæ æ dag eller nått. Me gjære alt av rørleggar arbeid.

Ring Terje (917 46 992)
Eller 51 47 22 00
Butikk i Rådhusgata 2A åpen mandag 14-16 og torsdag 14-16:30
(trenge du noge udenom åpningstid, ringe du bare så levere me på dørå)

VB VoldenTollefsen